



Romarheim Entreprenør AS
Trygve Andås
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8013 - 21/52261

Saksbehandlar:
Mari Emilie Pettersen Hagenlund
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.kommune.no

Dato:
04.08.2021

Løyve til skadefelling på hjort – gnr/bnr 6/1 Andås

Administrativt vedtak: Saknr: 845/21

VEDTAK:

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd gjev Alver kommune med dette Trygve Andås gnr/bnr 6/1 løyve til felling av 2 skadegjerande hjort.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Uttak av inntil 1 kalv, og 1 spissbukk. Kalv kan fellast i staden for spissbukk.
- Fellingsløyve er gjeldande på innmark med grasproduksjon når skade kan påvisast og uttaket skjer på det spesifikke område der skaden skjer.
- Løyvet er gjeldande frå 04 august 2021 til 31 august 2021, eller til 2. slått er ferdig.
- Felling av dyr meldes omgåande til viltansvarleg i kommunen på mail. Sluttrapport frå grunneigarlag sendes til kommunen seinast 10. September 2021.
- Uttaket skal skje av hjorteflokkar og ikkje av enkelte dyr.
- Forhandsavtale om tilgang til godkjent ettersøks-hund er inngått før felling.
- Dyret tilhøyrar valdet og fråtrekkas som vanleg i fellingskvote. Det krevjast at planområdet har tilsvarande kategori dyr på sin fellingskvote.
- Uttaket skal følgje dei ordinære krava til jaktutøving i følgje villlova med tilhøyrande forskrifter.

Saka gjeld:

Trygve Andås søker i e-post datert 03.08.2021 om løyve til skadefelling av hjort. Bakgrunn for søknad om skadefelling er skadedyr på innmarksbeite/dyrka mark på Andås. Det er fast besøk av 6 hjort på innmark/ slåttemark kvar natt. Hjorten er meir eller mindre fast til stades frå april til og med august. Det opplevast eit økonomisk avlingstap på opp mot 20-30 000 NOK i året. Vidare skade vil i stor grad påverka beite for sau som etter kvart kjem ned frå sommarbeite på fjellet og vil gå på innmarksbeite til slutten av oktober.

Beskriving av skaden: Beiteområdet er på ca. 30 mål, og det er omfattande skader med både svært mykje tråkk og avføring frå hjort.

Arealet inngår i hjortevald Andås/ Stall, Dyrdal: 4631V0057. tidlegare vald id: 1263V0019. Leiar for hjortevaldet er Steinar Stall.

I valdet er det forsøkt med skremming av hjort med lyd, lukt eller hund utan tilfredsstillande effekt. Det er i tillegg prøvd å skyte utdelt kvote på hjort kvart år og ein stor del av desse dyra er bevisst skote på innmark for å felle dei verste problem dyra. Tidlegare skadefelling av hjort har hatt god effekt med betydeleg mindre aktivitet i ca. 14 dagar.

VURDERING:

Naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd gjev kommunen rett til å gje løyve til uttak av hjortevilt som gjer skade på objekt definert i § 18 første ledd bokstav b.

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7.

Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Igjennom fleira år har det i dei gamle kommunane som utgjer Alver kommune vore sett tendensar til auke i hjortebestanden. Beiting av hjort påfører jordbruket betydelege økonomiske tap mange stader i kommunen, og utgjer likeins ei vesentleg hindring for kvalitetsmessig forynging av skog og oppfylling av foryngingsplikten i skoglovas §6. Den kan i tillegg utvikle seg til ei fare for naturmangfaldet gjennom overbeiting. Hjortebestanden er levekraftig, men med ei skeiv kjønnsamansetting og fallande slaktevekt blant kalv.

Landbrukskontoret vurderer kunnskapsgrunnlaget om hjortebestanden som middels.

Alver kommune har 25.06.2020 markant redusert minstearealet for hjort for å auke avskytinga og i sesong 2021 endra samansetninga i uttaket radikalt i retning av hodyr. I betydeleg grad vert hjortejakta i kommunen utført som bø-jakt til vern av avling og for å ta ut problemdyr i ordinær jakttid.

Uttak av hodyr vert i dette tilfellet vurdert frå landbrukskontorets side som for risikabelt med ein for høg risiko for å felle kollen frå kalven. Spesielt i nemnte skadefellings periode er kalvane ekstremt avhengig av kollen. Då uttaket skal skje i flokkar av hjort og ikkje enkelte dyr vil det i desse flokkane alltid være kalv å ta ut og dermed oppnår ein stor skremme effekt på resten av flokken grunna mordyr/ kalv bindinga.

Tildelinga av eldre bukk er gjeven til dei områda der sommar-flokkar av hanndyr gjer sterk skade på avlinga. Administrasjonen presiserar viktigeita av å holde fokus på uttak av kalv under skadefellinga.

Uttaket vil ikkje ha negativ påverknad på hjortebestanden.

Det har saman med viltansvarleg i kommunen været synfaring på bruket kor avlings skadane blei registrert og taktikken omkring skadefelling blei diskutert.

Hjortevaldet Andås/ Stall/Dyrdal har igjennom fleira år oppnått fellingsprosent på 100 i forsøk på å redusere hjortebestanden og via høg jaktintensitet på bøen forsøkt å redusere skadenivået på avlinga i den ordinere jakttida.

Lovheimel

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mari Emilie Pettersen Hagenlund
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Steinar Stall

Stallavegen 151

5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Romarheim Entreprenør AS

Alvervegen 25

5911

ALVERSUND